

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Berit Karin Rystad	FE-153	23/246

Saksnr	Utval	Type	Dato
054/23	Formannskapet	PS	19.09.2023
	Kommunestyret	PS	

2. tertialrapport og budsjettregulering for 2023

Vedlegg:

Tertial 2, 2023 Samledokument

Saksutgreiing:

Saksopplysningar

Tertialrapporten vil gje både politikarar og administrasjon høve til å følgja med på korleis rekneskapen utviklar seg sett opp mot budsjettet gjennom året. Kommunedirektøren får og høve til å forklara budsjettavvik.

I kommunestyret den 15. juni vart det gjort følgjande vedtak:

*«Kommunestyret ber om korrekt tertialrapport første tertial 2023 til møtet i september. Vidare ber kommunestyret om ei eiga sak der kommunedirektøren kjem med forslag til innsparingar og nye grep for å få ned meirforbruk i drifta. Tertialrapport for andre tertial skal inkludere tertialrapport for første tertial.
Samrøystes vedteke.»*

1. tertial viste eit overforbruk på 2 460 000,-. Dei største utgiftene skuldast bruk av vikarar på sjukeheimen og overgang til årsturnus. Den nye årsturnusen gir eit meirforbruk på kr. 1 200 000,- i året knytt til løn. Avgjerda om å gå over til årsturnus blei gjort i januar 2023, og difor er ikkje kostnadane med omlegginga lagt inne i budsjettet. Det er fleire fordeler med årsturnus, både for arbeidsgjevar og arbeidstakarane.

Barnehagen måtte tilsette ein ny pedagog frå 1.1.23 som ikkje var budsjettetert for grunna auke i tal born. Skulen måtte tilsette to assistentar for å dekkje særskilte behov (vedtak). Desse lønsutgiftene er heller ikkje lagt inn i budsjett for 2023.

Vurdering

Vedlagt følger rapport som syner den økonomiske situasjonen vist ned til tenestenivå. Fyrste Tabell syner økonomien på ansvarsnivå. I kolona for prognose er det set inn farge for korleis den budsjettansvarlege vurderer ansvaret vil ende opp ved årsslutt 2023.

Forbruk	Prognose
Innafor budsjett	

Noko over budsjett	
Vesentleg over budsjett	

Det store overforbruket i drifta i 1. tertial har tre årsaker; den eine er bruk av vikarar i helse og omsorg, den andre er over gang til årsturnus og den tredje er tilsettingar som det ikkje var budsjettert for. Det er teke grep for å få overforbruk ned, mellom anna blir det ikkje leigd inn vikarar på dei ulike tenestestadane (viss det ikkje er heilt naudsynt).

Kommunedirektøren legg i denne saka fram 2. tertial til orientering. Feila i 1. tertial er retta opp i 2. tertial. Forslag til innsparingar på kort og lengre sikt kjem i eiga sak.

Folkehelse - Ikkje relevant ut over det som er greidd ut i tertialrapporten

Miljø - Ikkje relevant ut over det som er greidd ut i tertialrapporten

Økonomi – Med dei budsjettendringane 2. tertialrapport legg opp til, styrer Fedje kommune mot eit meirforbruk i 2023 på ca. 1 456'

Konklusjon

I tabellen under vert det lagt opp til følgande endringar i budsjettet:

DRIFT	Budsjett	Endring	Nytt budsjett
3255 – REISELIV			
- Stønad til næringslivet	50'	80'	130'
Kommentar: Prosjektstilling reiseliv			
3850 – KULTUR			
- Reduserte lønnsutgifter	290'	-130'	160'
Kommentar: Lågare enn budsjettert.			
2320 – HELSESJUKEPLEIAR			
- Auka kostnad kjøp av tenester frå Austrheim	360'	163'	523'
- Styrking av helsesjukepleiartenesta	0	-150'	-150'
2411 – FYSIOTERAPI			
- HELFO-refusjonar	-200'	-150'	-350'
2413 – ERGOTERAPI			
- Auka kostnad kjøp av tenester frå Austrheim	160'	35'	195'
SUM		-102'	
Kommentar: Avtalen med Austrheim kommune vart underskrevet etter at budsjettet 2023 var vedteke. Den blei 163' dyrare enn først budsjettert.			
2020 – GRUNNSKULE			
- Konsulenttenester	0	350'	350'
- Vikarlønn	0	50'	50'
- Skuleoppfølgingsordninga m.m.	-504'	-96'	-600'



edje kommune

- Lønnsrefusjon	0	-595'	-595'
- Lønn og sos. omk. Fagarbeidarar	1 774'	225'	1 999'
- Polen-tur	0	77'	77'
- Husleige konsulent	0	30'	30'
- Sluttpakke rektor	0	575'	575'
2130 – VAKSENOPPLÆRING			
- Tilskot	-1 050'	-200'	-1 250'
2150 – SFO			
- Mindreinntekt	-240'	120'	-120'
SUM		536'	
Kommentar: Ekstrautgifter her skuldast oppbemanning i SFO. Samt tilsetjing av 2 fagarbeidarar som ikkje var lagt inn i budsjett 2023.			
2010 – BARNEHAGEN			
- Lønn og sos. Omk.	4 006'	641'	4 647'
- Lønnsrefusjon	0	-60'	-60'
SUM		581'	
Kommentar: Grunna jamn auke i barnetalet, og born på venteliste, måtte barnehagen auke bemanning januar 2023 (1 pedagog). Dette er ikkje teke med i budsjettet for 2023. Dette medførte at me har, og vil ha ei auke i lønnsutgifter ut året. Nokre lønsrefusjonar kjem mot slutten av året, og er ikkje lagt inn enno.			
2531 – PLOM-INSTITUSJON			
- Lønn og sos. Omk.	13 624'	1 039'	14 663
- Vikarbyrå		1 600'	1 600'
- Lønnsrefusjon	0'	-600'	-825'
- Tilbakebetaling av tilskot	-225'	160'	160'
- Kompetansemidlar	0	-75'	-75'
SUM	0	2 124'	
Kommentar: Intern stillingsauke, samt ei stilling det ikkje blei budsjettet for, er årsak til at lønnsutgiftene er høgare enn budsjettet for 2023. Til saman utgjør dette nesten 2 årsverk. Dette er gjennomført fordi sjukeheimen har lagt om turnusprogram til årsturnus. I tillegg ynskjer fleire å auke stillinga si. Til tross for dette er det i periodar svært vanskeleg å kunne stette grunnbemanninga, på grunn av høgt sjukefråvær, og difor er det høge vikar- og overtidskostnader.			
2341 – PSYKISK HELSE			
- Lønn og sos. Omk.	1 128'	385'	1 513'
- Lønnsrefusjon	-10'	-15'	-25'
- Kjøp av psykologtenester	160'	-140'	20'
- FACK-team avvikla	100'	-100'	0'
SUM		160'	
Kommentar: Ei stilling som det ikkje vart budsjettet for 2023. Ingen psykolog tilsett i 2023.			



Fedje kommune

2340 – AKTIVISERING OG SERVICETILBOD			
ELDRE	0	100'	100'
- Lønn kreftkoordinator	-150'	50'	-100'
- Mindreinntekt matombringing		150'	
SUM			
2410 – LEGEVAKT			
- Reduserte utgifter legevaktsentral	500'	-200'	300'
- Vikar legevakt	2 082'	440'	2 522'
- Fondsmidlar legevakt	0	-440'	-440'
SUM		-200'	
2810 – YTINGAR TIL LIVSOPPHALD			
- Økonomisk sosialhjelp	1 000'	-300'	700'
3392 – OLJEVERNBEREDSKAP			
- Refusjonar frå Kystverket	-570'	-348'	-918'
3320 – VEGAR			
- Vøling av veg	0	250'	250'
SUM		-98'	
3010 – PLANSAKSHANDSAMING			
- Beredskapsplan	0	500'	500'
Kommentar: Statsforvaltar avdekkja lovbrøt og kommunen fekk krav om revidering av ROS, beredskapsplan og helseberedskapsplan innan 31.08.23. På grunn av manglande kompetanse og kapasitet måtte arbeidet setjast ut til konsulent			
8700 – RENTER/UTBYTTE OG LÅN			
- Utbytte BKK	-1 200'	-1 000'	-2 200'
- Overføring til investeringar	806'	-806'	0
SUM		-1 806'	
Kommentar: Grunna høge straumprisar i 2022 – er utbyttet frå BKK 1 000' høgare enn forventa. Overføring til investering vert strøken for å finansiera meirforbruket i drifta.			
SUM		1 465'	
Kommentar: Slik situasjonen er no styrer Fedje kommune mot eit meirforbruk på 1 465'. Eit eventuelt meirforbruk ved årsslutt skal reduserast på følgjande vis: Stryke overføringar til investeringar. Stryke avsetningar til fond. Stryke inndekning av tidlegare års meirforbruk			
Er det framleis eit meirforbruk etter strykingar – må dette avsettast til og bli dekkja av fond eller framtidige mindreforbruk i drifta.			

1 456 000,- i auke i revidert budsjett vil etter kommunedirektøren si vurdering bli forsøkt dekkja inn ved innsparingar i løpet av resten av året (ingen bruk av privat vikartenester).

Viss det ikkje visar seg å være mogleg, vil det være behov for å løyse dette slik kommentaren over skisserer. Kommunedirektøren visar og til eiga sak om innsparingar på kort og lang sikt.

Forslag til vedtak:

1. Kommunestyret tek 2. tertialrapport 2023 til vitande
2. Kommunestyret vedtek budsjettendringar i saksutgreiinga med inndekning ved bruk av disposisjonsfond

Formannskapet - 054/23

F - behandling:

F - vedtak:

1. Kommunestyret tek 2. tertialrapport 2023 til vitande
2. Kommunestyret vedtek budsjettendringar i saksutgreiinga med inndekning ved bruk av disposisjonsfond.
Samrøystes vedteke.